

Eksamen

01.06.2016

RLV2002

Sal og marknadsføring / Salg og markedsføring

Programområde: Vg2 Reiseliv

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p><i>I denne oppgåva blir det lagt vekt på:</i></p> <ul style="list-style-type: none">- <i>I kva grad du har nådd måla i læreplanen</i>- <i>At du kan knyte teori og praksis</i>- <i>At svara dine har ei fagleg grunngiving</i> <p><i>Spesielt for denne oppgåva:</i></p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Du skal kunne vurdere konkurransefortrinn norsk reiseliv har som eksportnæring</i>- <i>Du skal kunne bruke dei ulike verkemidla i marknadsføringa, og grunngi og drøfte val som du gjer</i>- <i>Du skal kunne gjere greie for kva segmentering er, og kunne forklare og vurdere ulike kriterium for segmentering av ein marknad</i>
Andre opplysningar	Ingen

Oppgave 1



Fjord Norge AS er landsdelsselskapet for dei fire Vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og her inngår nokre av Noregs fremste attraksjonar. I tett samspel med destinasjonsselskapa og næringa, leier dei det internasjonale marknadssamarbeidet for Fjord Norge regionen.

Fjord Norge sin visjon er å vere det mest profesjonelle og slagkraftige destinasjonsselskapet i Europa. Selskapet skal posisjonere Fjord Norge som verdas mest attraktive destinasjon for natur- og opplevingsferiar.

Fjord Norge seier følgjande på sine heimesider;

«Eventyrleg, dramatisk, spektakulært, autentisk eller eineståande?

Det er vanskeleg å finne orda som best beskriv Fjord Norge, av mange rekna som verdas ypparste og mest mangfaldige reisemål. Ord blir fattige, for det er utvilsamt noko heilt spesielt med fjella, fjordane, fossane, isbreane, kulturlandskapet, menneska og fjordbyane. Kva skal ein eigentleg seie om det National Geographic Traveler har kalla "The world's most iconic destination".»

- a) Tenk deg at du arbeider som sals- og marknadsmedarbeidar i Fjord Norge. Du skal halde eit foredrag for medlemsbedrifter i Fjord Norge, der du fortel om konkurransefortrinna norsk reiseliv har som eksportnæring, og vurderer dei i forhold til Fjord Norge sine produkt. Skriv foredraget.
- b) I reiselivsnæringa er det vanleg å dele inn marknaden etter kategoriane fritidsreisande og yrkesreisande. Det er også vanleg å skilje mellom den nasjonale og den internasjonale marknaden. Her skal vi konsentrere oss om den internasjonale fritidsmarknaden. Det er vanskeleg å betene heile marknaden, og det er derfor viktig å segmentere. Vurder aktuelle kriterium som du vil legge til grunn for segmentering av marknaden og val av målgruppe.
- c) Foreslå ein marknadsstrategi for Fjord Norge (mot den internasjonale marknaden), som på best mogleg måte kan bidra til at selskapet si målsetting og målgruppe blir nådd.

Ved behov, ta eigne føresetnader, og grunngi desse.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p><i>I denne oppgaven blir det lagt vekt på:</i></p> <ul style="list-style-type: none">- <i>I hvilken grad du har nådd målene i læreplanen</i>- <i>At du kan knytte teori og praksis</i>- <i>At svarene dine har en faglig begrunnelse</i> <p><i>Spesielt for denne oppgaven:</i></p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Du skal kunne vurdere konkurransefortrinn norsk reiseliv har som eksportnæring</i>- <i>Du skal kunne bruke de ulike virkemidler i markedsføringen, og begrunne og drøfte valg som du gjør</i>- <i>Du skal kunne gjøre greie for hva segmentering er, og kunne forklare og vurdere ulike kriterier for segmentering av et marked</i>
Andre opplysninger	Ingen

Oppgave 1



Fjord Norge AS er landsdelsselskapet for de fire Vestlandsfylkene Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og her inngår noen av Norges fremste attraksjoner. I tett samspill med destinasjonsselskapene og næringen, leder de det internasjonale markedsarbeidet for Fjord Norge regionen.

Fjord Norges visjon er å være det mest profesjonelle og slagkraftige destinasjonsselskapet i Europa. Selskapets skal posisjonere Fjord Norge som verdens mest attraktive destinasjon for natur- og opplevelsesferier.



Fjord Norge sier følgende på sine hjemmesider;

Eventyrlig, dramatisk, spektakulært, autentisk eller enestående?

Det er vanskelig å finne ordene som best beskriver Fjord Norge, av mange regnet som verdens ypperste og mest mangfoldige reisemål. Ord blir fattige, for det er utvilsomt noe helt spesielt med fjellene, fjordene, fossene, isbreene, kulturlandskapet, menneskene og fjordbyene. Hva skal man egentlig si om det National Geographic Traveler har kalt "The world's most iconic destination".

- a) Tenk deg at du arbeider som salg- og markedsmedarbeider i Fjord Norge. Du skal holde et foredrag for medlemsbedrifter i Fjord Norge, der du forteller om konkurransefortrinnene norsk reiseliv har som eksportnæring, og vurderer dem i forhold til Fjord Norges produkter. Skriv foredraget.
- b) I reiselivsnæringen er det vanlig å dele inn markedet etter kategoriene fritidsreisende og yrkesreisende. Det er også vanlig å skille mellom det nasjonale og det internasjonale markedet. Her skal vi konsentrere oss om det internasjonale fritidsmarkedet. Det er vanskelig å betjene hele markedet, og det er derfor viktig å segmenterer. Vurder aktuelle kriterier som du vil legge til grunn for segmentering av markedet og valg av målgruppe.
- c) Foreslå en markedsstrategi for Fjord Norge (mot det internasjonale markedet), som på best mulig måte kan bidra til at selskapets målsetting og målgruppe nås.

Ved behov, ta egne forutsetninger, og begrunn disse.



www.vigoiks.no/eksamen